



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev september 2021

Så er hausten her. Kveldane er mørkare. Det er perfekt for meg som likar mørketida. Faktisk likar eg regn også. Så fint å sitja inne, varmt og godt under pleddet.

Lojalitet til Lions

Eg reknar med at alle klubbane har hatt sitt første klubbmøte og er godt i gang med Lions-året. Eg håpar at handlingsplanane er på plass i klubbane og at dei byggjer på Distriktet sin. Berre slik kan Distriktet vårt og Lions Norge nå sine mål. Det er klubbane som må bidra til det og det handlar om å vera lojal til organisasjonen vår. Alt for mange klubbar gjev innsamla midlar vidare til andre organisasjonar så dei kan driva sine prosjekt. Me seier så fint at netto innsamla midlar går uavkorta vidare til formålet. Når me gir pengane vidare til andre kan me ikkje lenger stå inne for det. Kva veit me då om kva midlane blir brukt til. Me skal ikkje vera ein finansinstitusjon for andre organisasjonar. Samarbeid med andre er fint men då må det koma tydeleg fram at Lions er ein samarbeidspartner.



Frå **Right to Sight**, som heilt sikkert gjer mykje bra, har det kome forespørsel til klubbar om økonomisk støtte til augehelseprosjekt i Kenya. **Eg ber om at klubbane** er lojale og prioriterer våre eigne Lions- prosjekt framfor andre sine. Me har, i lag med Norad, investert rundt 200 millionar i klinikkar, utstyr og utdanning av personell. Augehelse i Afrika har vore viktig for oss i Lions Norge i mange år og er det framleis. Rundt 2 millionar menneske har fått hjelp ved klinikkane me har vore med og bygt. Det kan me vera stolte av. Står me saman og dreg lasset i lag, får me til så mykje meir. Berre slik kan Lions vera med å bekjempe unødvendig blindheit og hjelpa enno fleire med å få synet tilbake. Så ver lojal og støtt Lions Aid Norway (LAN) i dette arbeidet.

Vil her også minna om Huskelista og eg ber om at klubbane, så langt råd er, er lojal mot vedtaka som er gjort på Riksmøte. Huskelista finn de på Gnist der det også ligg med ei forklaring på korleis ein finn KID- nummeret til klubben.

Distriktet

Smått om senn tar me igjen det tapte i den tida som har gått med pandemi og restriksjonar. Endeleg kan me møtast og klemmast om me ønskjer det. Aktivitetane begynner å rulla og gå igjen, og det er berre heilt nydeleg. LC Sandnes/Riska med «Bryggeshow» og «Løvinne for en kveld», LC Osterøy hadde Lions Røde Fjær - stand på KnarvikMila. LC Stavanger planlegg ny «Syng med oss» i Konserthuset. LC Bryne med Potetfestivalen. LC Ulvik som har hatt vellykka miljødag i lag med Ulvik Barnehage. I tillegg til mykje meir. Bruk Facebook-sida til Distriktet så alle kan følgja med på aktiviteten rundt om i distriktet. Presidenttreffet var i år også ein inspirasjon for mange. Me er i gang igjen og det er berre så utruleg godt.

Det er også tid for å jubilerer. Gratulera til både **LC Odda** og **LC Sotra** med fylte 50 år. Klubbane markerte jubilea med brask og bram. Klubbane har mykje å vera stolte av.



LC Odda- med chartermedlem Norvall Grytli og Per Drotningvik. Resten fekk 10-års chevronmerke.

Lykke til vidare med det gode arbeidet.



LC Sotra – Terje Pedersen og Jon Sture får tildelt Lionsfakkelen av president Åse Karin Slettebakken

Julekaravanen til Marijampole i Litauen er under planlegging og vil gå av stabelen første helga i desember. Det vil gå ut informasjon til alle medlemmer og det er berre å melde seg på. Gruppa som reiser vil vera på ca 30 personar, og av desse vil 5-6 vera ungdommar. For dei klubbane som ikkje har reservert seg, så har ein forplikta seg til å betala inn kr 2000 til



prosjektet. Fattigdomen blant mange i Litauen er stor og det me bidrar med av litt ekstra til jul er kjærkome, ikkje minst for barna.

Agnar Høysæter og Ragnhild Jørgensen har etter mange år valt å gå ut av prosjektgruppa. Eg vil gjerne nytta denne anledninga til å takka begge for alt det dei har bidratt med og det dei har betydd for Julekaravanen.

MyLion og rapportering der vil eg enno ein gong minna om. Det er så viktig å kunna synleggjera alt me gjer. Rapportering er ikkje for at nokon skal sjå klubbane i «korta». Det er faktisk dei som trur det. Å kunna dokumentera kva me får til i saman gjer oss stolte og sterkare som organisasjon.

Stormøte. Kva er no det? Distriktsstyret vil i år prøva noko nytt og derfor har GAT- teamet planlagt «Stormøte» i Sogndal, Bergen, Karmøy og Stavanger med opplæring i MyLion, Gnist, StyreWeb og meir. Bruk denne anledninga til å få ei oppdatering, inspirasjon og ikkje minst møta andre Lions. Noko som alltid er like kjekt.

Alle medlemmer i sone 1 er velkomne **16. oktober** på Quality Hotell Sogndal der Rasmus Mo vil halda foredrag.

Medlemmer i sone 7, 8 og 9 er invitert til Hotell Park Inn på Karmøy **21. oktober**. Her vil me også få på plass ein inspirator til å halda foredrag.

Stormøtet i Bergen blir 13. januar, og i Stavanger 20. januar. Begge plassane vil Trond Haukedal vera med for å inspirera oss. Invitasjon vil bli sendt ut når det nærmar seg. Men set av datoane allereie no.

Ressurspersonar har me mange av i Distriktet. Desse kjem meir enn gjerne på klubb- og sonebesøk om det er ønskjeleg. Sjå det siste månadsbrev der dei står lista opp.

Lions sentralt

Lions Røde Fjær. Innsamlingsaksjonen er 11.-13. februar, men klubbane må begynna planlegginga no. På lions.no / Gnist finn de mykje informasjon om Lions Røde Fjær.

<https://gnist.styreweb.com/org/4425/3367/articlecategories/38>

Det eg vil nemna spesielt er Vipps-kontoen som alle klubbane har fått. Med å skriva « LRF LC namnet på klubben» så vil du kunna gje støtte til aksjonen og det vil bli registrert på klubben din. **Prøv gjerne og sjå at det fungerer.**



Vil også slå eit slag for «poteveggen» Klubbar som donerer eit større beløp (25.000- 100.000) vil få dette synleggjort med ein løvepote på Beitostølen Helsesportsenter. Kor mange potar klarer Distrikt 104C å få på poteveggen? Her kan det lett bli ein konkurranse mellom distrikta. Skal me bli best, må me opna aktivitetskassen og gi så det monner.


Campaign 100 går sin gang. Me må ikkje gløyma det. Kva med å heidra nokon med ein Melvin Jones på julemøtet i år? Heilt sikkert nokon i klubben som har fortent denne utmerkinga. Tenk litt på det.

Guvernørrådsmøte 13.-14. august 2021 Sak 5.06

Til dei klubbane dette måtte gjelda, om det i det heile er nokon i Distrikt 104C, veit eg ikkje. Men det er noko å ha i tankane om eit slikt samarbeid skulle bli aktuelt.

Lions Norge er gjort oppmerksom på at skilt som er sett opp i forbindelse med «Bry deg» uteliv strider mot Norges Grunnlov.

VEDTAK: Lions Norges forhold til NNPF (Norsk Narkotikapolitiforening) og den pågående saken ang. «Bry deg» uteliv Lions Norge har ikke noe formelt samarbeid med NNPF, noen av våre 380 klubber har et lokalt samarbeid med NNPF på litt forskjellige måter. Når det gjelder situasjonen som har oppstått i forbindelse med «bry deg» uteliv og skiltet som er benyttet i forbindelse med dette på utestedene som er med i dette prosjektet ønsker Lions Norge å presisere følgende: Intensjonen i prosjektet med å få redusert ulovlig omsetning av narkotiske stoffer og bruk av dette på utestedene ses på som en fornuftig og god ting. Det er vesentlig at utesteder i Norge oppleves som trygge av de som benytter disse. Når det gjelder det siste avsnittet på skiltet som det refereres til så støtter ikke Lions Norge en tekst som er i strid med ytringsfriheten eller Norges Grunnlov. Lions Norge vil sende ut en informasjon til alle sine klubber og be de klubber som har ett samarbeid med NNPF i forbindelse med «Bry deg» uteliv om å sørge for at deres samarbeid er i henhold til Norsk lov og vår ytringsfrihet. Det betyr at dagens skilter må fjernes, hvis det også foreligger skriftlige avtaler som inneholder samme eller tilsvarende tekst må disse avtalene revideres ASAP. Hvis dette ikke gjøres bes de lokale klubbene om å trekke seg fra samarbeidet med NNPF øyeblikkelig og sørge for at Lions sin logo fjernes.



Hald deg oppdatert med å sjekka Gnist og lions.no. Mykje nyttig og godt lesestoff der. Ta gjerne noko av det med inn i klubben din. Bruk Facebooksida vår. Ingen aktivitet er for liten til å få plass der. Lykke til med aktivitetane. Prøv gjerne noko nytt. Ver positive til nye forslag. Kanskje det til og med går bra. Det er det me får gjort som betyr noko.



**Beste Lionshelsing frå
Gunnhild Rein Almås
Distriktsguvernør 104C 2021-2022
Telefon 90 79 67 47 c.dg@lions.no**